


2010 haust

Tysdag 31.august kl 19:30




Citizen Kane

Regi: Orson Welles (USA 1941) 1t 59min

Engelsk tale, norske undertekstar

Aviskongen Kane uttalar på dødsleiet det mystiske ordet "Rosebud". Ein journalist får i oppgåve å finn ut kva som var Kane sine siste tankar, og gjennom intervju vert biletet av eit inn-haldsrikt, men ulukkeleg liv, avdekkja. I 2001 kåra amerikanske manusforfattarar manuset til filmen til det beste amerikanske originalmanuset nokon sinne. Men Citizen Kane var i tillegg ikkje mindre enn ein revolusjon innan det filmtekniske. Han var nyskapande i alt frå kamera- til musikkbruk. 26 år gamle Welles regisserte, spelte hovudrolla, skreiv manus og produserte filmen som i dag vert rekna som eit meisterstykke.

Tysdag 7.september kl 19:30



Voltaires skyld

Regi: Abdellatif Kechiche (Frankrike 2000) 2t 10min

Fransk tale, engelske undertekstar

Som arabisk innvandrar i Paris opplever 27 år gamle Jallel Vesten frå ei anna side enn den vi kjenner. Han drøymer om det gode liv, men tilveret i den franske hovudstaden handlar om herberg, venterom og immigrasjonskontor. Men det er òg møte med andre menneske, andre utstøtte. Filmen portretterar personar som ikkje like ofte slepp til på lerretet, illegale innvandrarar, heimlause og mentalt sjuke på ein varm, humoristisk og sår måte. Det er ei historie om kjærleik, feigskap og solidaritet i ei samfunnskritisk ramme.



Tysdag 21.september kl 19:30

Fitzcarraldo

Regi: Werner Herzog (Peru/Vest-Tyskland 1982) 2t 37min  
Engelsk og tysk tale, norske undertekstar

Fortejinga om ein mann og draumane hans. Operaelskaren Fitzcarraldo drømmer om å bygge ein opera midt i jungelen i Peru, på ein stad busett av ville heidningar, feite gummikapitalistar og ein svart gris. Med seg på laget har han berre bordellmamma Molly. For å gjennomføre planen, må han tene masse pengar, overvinne indianarstammer og frakte eit dampskip over fjellet, augneblink Herzog har omdanna til storslagne og imponerande bilete for lerretet. Filmen har Klaus Kinski og Claudia Cardinale i hovudrollene.

Tysdag 5.oktober kl 19:30



Ungdommens råskap

Regi: Margrethe Olin (Noreg 2004) 1t 26 min  
Norsk tale, dokumentar

*I samarbeid med verdsdagen for psykisk helse*

"Det vert fortalt mange løgner om det å vera menneske. Flest løgner vert fortalt om ungdom." Dette er regissøren si tilnærming. Ho har fylgd ein ungdomsskuleklasse i Oslo dei siste månadane av den obligatoriske skuletida. Det er ein klasse med alle verdsreligionar, ulike kulturar og ulike menneske representerte. Nakent og usminka er kvardagen til ungdomane skildra. Filmen er eit utval på 80 minutt frå eit råmateriale på 120 timer. Regissøren omtalar filmen som eit møte med fordomane dine.




Tysdag 19. oktober kl 19:30

#### Sykkeltjuvane

Regi: Vittorio de Sica (Italia 1948) 1t 49min  
Italiensk tale, norske undertekstar

Historia er enkel, men inntrykka tilskodaren sit att med vert sterke. Antonio er heilt avhengig av sykkelen sin for å halde fram som plakatklistrar. Ein dag vert sykkelen stolen, og Antonio og sonen tar opp jakta på tjuvane. Sykkeltjuvar er ein openberr kritikk av etterkrigstids-Italia med store skilnader mellom fattig og rik. Filmen vert rekna som ein av verdas beste, og er den ein knyt sterkest til bylgja med neorealistiske filmar frå Italia på 40 og 50-talet. For å styrke realismen, er filmen spelt inn berre med amatørar og i eit autentisk miljø, noko som har inspirert ei rekke seinare filmskaparar.

Tysdag 02. nov. kl 19.30 -- Ålvik Bedehus



#### Norske byggeklosser

Regi: Pål Bang-Hansen (Noreg 1972) 1 t 34 min.  
Norske byggeklosser er ei komedie som til dels vart sett saman til under innspelingane, og handlar om problem ein kan støyte på når ein skal bygge seg eit hus. Ekteparet Femte kjøper tomt og hus av entreprenør Kleppe, som lovar at huset skal stå ferdig etter åtte månader. Episodane i fi Imen blottlegg norsk mentalitet og eit absurd og tungrodd byråkrati. Rolf Wesenlund opptrer i ikkje færre enn åtte ulike rollar. Kvam fi Imklubb vil med visninga hylla nyleg avdøde regissør og fi Imkritikar Pål Bang-Hansen.




Tysdag 16. nov. kl 19.30 -- OBS -- Kvam ungdomskule, Øystese

### Løperjenten

Regi: Vibeke Løkkeberg (Noreg 1981) 1 t 50 min.

Bergen anno 1948. Sju år gamle Kamilla veks opp i eit samfunn under oppbygging og i ein familie i full oppløysing. Hjå jamnaldra Svein fi nn ho den kjærleiken ho saknar. Løperjenten er ei sår oppvekstskildring blotta for nostalgi, der etterkrigs-Bergen og vert nært skildra. Filmen fekk kritikarprisen under Den norske fi Imfestivalen i Haugesund og reknast i dag blant ein av dei viktigaste fi lmane i norsk fi lmhistorie, men dåverande kinosjef i Bergen uttala at fi lmen var ein skam for byen.

Tysdag 30. nov. kl 19.30 -- Strandebarm skule --



### Fjols til fjells

Regi: Edith Carlmar (Noreg 1957) 1 t 41 min

Leif Juster spelar rolla som bestemt og oppfi nnsam portier på Hurlumhei Høgfjellshotell. Påskehelga vert hotellet åstad for ei rekke forviklingar. Dottera til hotelleigaren tek arbeid som pikkolo, forkledd som ungguten Rudolf, og ein omsverma skodespelar vert forveksla med ein friluftselskande ornitolog. Filmen syner at Carlmar, Noregs fyrste kvinnelege regissør og kan laga komedie. Fjols til fjells vart ein stor suksess hjå publikum på 50-talet og vinn framleis nye sjårarar.

**Tysdag 14. desember kl 19.30 - Hardanger fartøyvernsenter, Norheimsund**  
OBS- 2 Filmer-

Karl Bertil Jonssons julafoten


-- Forfilm --

Regi: Per Åhlin (Sverige 1975) 23 min

Unge Karl-Bertil Jonsson drøymer om å verta ein moderne Robin Hood. Som feriearbeidar i posten, legg han til sides pakker, som han julekvelden ynskjer å dela ut til dei fattige i byen. Når Karl-Bertil sin far, eigaren av eit stort varehus, får veta kva sonen har gjort, vert han rasande og skuldar han for å ha vorten kommunist. Filmen tek utgangspunkt i ei historie skreve av Tage Danielsson. Per Åhlin sin teikningar, musikk av Gunnar Svensson og Tage Danielsson som forteljar, har skapt ein heilt særeigen liten fil, som ein ikkje gløymer så lett.

**Tysdag 14. desember kl 19.30**

Hardanger fartøyvernsenter, Norheimsund



#### **Tante pose**

Regi: Leif Sinding (Noreg 1940) 1 t 32 min

Det vert ikkje jul før Tante Pose kjem på besøk. Men ikkje alle er like glade for at ho skal feire jul saman med sorenskrivar Bal med familie. Det er krigstilstand mellom ho og bestefar, og ho set kjeppar i hjula for Bal sine to forelska dotrer. Men det viser seg at Tante Pose ikkje er så reint lite giftesuk sjølv heller, og ho legg an på sakførar Plum. Ei historie basert på Gabriel Scott si forteljing. Filmen hyllar solide norske juletradisjonar. Kanefart og kvit snø skapar ekte julekortstemning.